
Saksnr: 2020/58521-7
Saksbehandlar: Karstein Oen
Dato: 12.01.2021

Til: Administrasjonsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Lønsoppgjeret 2020 Status

Lønsoppgjeret for 2020 er i mål. Det siste elementet som kom på plass var semje i meklinga mellom KS og Norsk Sykepleierforbund sentralt.

Lønsoppgjeret i 2020 har vore særleg utfordrande. Det sentrale oppgjeret mellom KS og arbeidstakarorganisasjonane vart flytta til september på grunn av koronapandemien. Då forhandlingsfristen gjekk ut 15. september var det semje med LO-K, YS-K og Unio, medan oppgjeret for Akademikerne (i dette tilfelle Legeforeningen) gjekk til mekling. Meklinga førte ikkje fram og Legeforeningen gjekk til streik, ein streik som vart avslutta ved at regjeringa greip inn med tvungen lønsnemnd.

Ved uravrøystinga av hovudoppgjeret vart det nei frå dei to Unio organisasjonane; Utdanningsforbundet og Norsk Sykepleierforbund. KS måtte difor i ny meklingsrunde med dei to organisasjonane. Meklinga med Utdanningsforbundet kom i hamn den 10. desember ved at partane vart einige om at resultatet av hovudoppgjeret slik det går fram av protokoll dagsett 15.09.2020 skal leggjast til grunn. Og meklinga med Norsk Sykepleierforbund kom i hamn den 7. januar, også her med tilslutnad til hovudoppgjeret.

Det økonomiske element i det *sentrale* lønsoppgjeret var eit tillegg i løna på 0,3 % pr. 1.9.2020.

Når det gjeld det lokale lønsoppgjeret i VLFK så har det vore mange rundar før ein klarte å lande oppgjeret. Som følgje av flytting av det sentrale oppgjeret måtte også det lokale lønsoppgjeret utsetjast/flyttast til ut på hausten. Ein fekk og kort frist for gjennomføring av lønsoppgjeret. Det lokale oppgjeret som omfatta kap. 3 (leiarane) og kap. 5 (rådgjevarar, tannlegar, ingeniørar m.fl.) var krevjande og det kom til brot med 7 av organisasjonane.

Den økonomiske ramma for det lokale lønsoppgjeret var 0,7 % pr.1.5.20 i kap. 5 og 0,6 % pr. 1.5.20 for kap. 3. Dei organisasjonane som gjekk til brot argumenterte m.a. med at arbeidsgjevar i 2020 måtte legge til grunn ei skeivfordeling mellom dei frå gamle SFFK og gamle HFK for å «utlikne» at det har vore ulik verknadsdato i dei to fylkeskommunane. Vidare var det argumentert med at organisasjonane ikkje opplevde at det var reelle forhandlingar denne gongen.

Lokale kretsmeklar gav medhald til VLFK i alle dei 7 sakene som gjekk til lokal nemndbehandling. Kretsmeklar har lagt vekt på at VLFK er ein ny organisasjon der reell likebehandling best kan oppnåast ved at det nominelle lønsnivå er likt. Ei differensiering kunne gi lønsforskjellar som ikkje var tilsikta. VLFK fekk og tilslutnad til gjennomføringa av eit forenkla lønsoppgjer i år ved at det vart gitt eit flatt tillegg til alle som var omfatta av det lokale lønsoppgjer